



Verneområdestyret for  
Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane landskapsvernområde

# Velkommen til gratis seminar/kurs med tema **VILLREINFJELLET SOM VERDISKAPAR**

**Tid og stad:** Onsdag 3. november kl. 11.00 på Skattekammeret på Nes, Suldal kommune

**TEMA:** Korleis kan vi nytte verdiane som ligg i dei unike områda vi har rundt oss? Målet med dagen er at deltakarane skal få inspirasjon og kunnskap om å utvikle produkta sine, eller skape nye. Det er ikkje lett å «gjere gråstein til gull», men samtidig blir vi vel alle litt «heimblinde» i forhold til kor unikt mykje av det vi omgjev oss med er – eller? Det blir også fokus på vertskapsrollen, og det blir tid til erfaringsutvekslingar med kollegaer.

## PROGRAM

- **Velkommen v/Alf Odden, SVR**  
Bakgrunn/om prosjektet "Villrein fjellet som verdiskapar"
- **Vertskapet v/Reidar Sandal presenterar seg og bedrifta si**  
Kafédrift, produksjon og salg av jakt- og fiskeprodukt, guiding-, føredrag og kurshald.
- **Lunsj**
- **Oddbjørn Lynghammar – lokalhistorikar og reiselivsmann frå Røldal**  
Oddbjørn har drive med reiseliv i mange år og er innehavar av Røldalstunet. I tillegg har han skrive lokalhistorie-bøker (Fjellfolket og Fjellforteljingar), han er aktiv i Røldal Historielag og mykje meir. Vi får ta del i erfaringar og tankar han har rundt temaet.



- **Pål Knutsson Medhus – inspirator og motivator**  
Vi er så heldige at vi har fått Pål med på laget denne dagen! Pål er kursholdar og entusiast, gründer og reiselivsmann. Han dreiv i mange år firmaet Høve Støtt, før han tok 5 år som turistsjef på Geilo. No er han på nytt ute for fullt som aktør i norsk reiseliv, med kunnskap, inspirasjon og motivasjon. Høve Støtt er tilbake i manesjen som ein solid, ekte og profesjonell leverandør til bedriftsmarknaden. Han kan mykje om å skape opplevingar, med lokal kultur som ein viktig del og om å drive med reiseliv i randsona av verneområder/ nasjonalparkar. Alltid på inspirerende og motiverande vis, med kunnskap i fokus.

- Kort presentasjon av prosjekt i regi av SVR med innlegging av villreinrelatert informasjon i appen Hidden.
- Reidar Sandal tek oss med på omvisning på Nes (gåtur) og vi får tid til litt uformell prat og testing av Hidden-appen.
- **Ca. kl. 16.30 avsluttar vi med middag på Skattekameret, ferdig ca. kl. 19.**

**PÅMELDING / INFO:** Førstemann til mølla (maks 30 personar), seinast 15. oktober.

Destinasjon Hovden er innleigd til å organisere det praktiske. Meld deg på til dei på [post@hovden.com](mailto:post@hovden.com)

Kontaktpersonar: Unn Hovden eller Kirsten Leira, tel. 482 27 235